

Utleiekontrakt
Sandane Golfklubb - Klubbhus

Leigetakar: _____

Adresse: _____

E-post: _____ Mobil: _____

Tidspunkt for leige, dato: _____ Frå kl. _____ Til kl. _____

Medlem Ikkje medlem Lag/organisasjon Bedrift

Lukka arrangement Ope arrangement

Vask kr. 500,- * *Sjå reglement*

Vaske sjølv ** *Sjå reglement*

Etter avtale disponerast:

Forsamlingslokale 2. etasje inkludert kjøkken

Simulatorrom 1. etasje

Leigesum: kr

Stad og dato: _____

For Sandane Golfklubb

Leigetakar

Husstyret for Sandane golfklubb

Utleigereglement

1. Leigetakar er ansvarleg for huset i leigeperioden. Huset skal leverast tilbake i same stand som då leigetakar overtok det
2. Eventuell skade må meldast til utleigar snarast råd, og erstattast av leigetakar
3. Prisen for utleige er fastsett av styret. Leigesummen skal betalast ved henting av nøkkel.
4. Leigetakar er ansvarleg for å rydde rundt huset ute etter arrangementet.
5. Avfall skal fjernast frå lokalet etter arrangement på følgjande måte:
Søppelcontainerar er plassert ved kjellardør vendt mot Eidsfossen. Glas og metall konteiner raudt lokk, Alt anna hushaldningsavfall i stor container.
6. Dersom leigetakar er under 18 år, skal ein av dei føresette skrive under avtala og stå ansvarleg for bruk av huset
7. Alle tilstellingar i og utanfor dei leigde lokala skal fredag og laurdag være slutt seinast kl. 02.30, andre dagar seinast kl. 24.00
8. Den som leiger lokalet er ansvarleg for brann- og tryggingsvern av personar og bygning. Alle dei ansvarlege skal gjerast kjent med og følgje oppslag om brann- og rømningsvegar som er slått opp i inngangen til forsamlingslokalet i 2 etg. Sjå kart over rømningsvegar og plassering av pulverapparat.
9. Forsamlingslokalet tar maksimalt 60 personar: med bord/stolar: 50 personar
10. Avbestilling må skje seinast 2 dagar i førevegen, eller etter nærmare avtale
11. Ved retur av nøkkel skal utleigar og leigetakar i fellesskap gjennomgå huset og godkjenne rydding og vasking/reinhold.

Vask:

* Vask kr 500,- føreset:

- leigd lokale er rydda og avfall fjerna
- bord og stolar er vaska og rydda på plass
- golvet er støvsuga/kosta

** Vaske sjølv:

- ikkje bruk grønsåpe
- vask golvet i storsalen minst 2 gonger, vent til det er tørka opp, og sjekk etter siste vask at golvet er reint.
- vaske gongen, kjøkkenet og toaletta (alle rom som har vore i bruk)

UTLEIGEPRISAR 2022

		Pris
Kveld helg		2.000,-
Tilstellingar som krev pynting/dekking dagen før, (eks konfirmasjon)		2.500,-
Heile helga		3500,-
Møter inntil 4 timar, veka		1.000,-
Leige for vask		500,-

Bruksreglement for Sandane golfklubb

- Reine kjøkenhandkle og oppvaskklutar er i skuffa under vasken.
- Vaskemiddel/utstyr står på vaskerom i første etasje og i skap på kjøkkenet i kjellaren.
- Toalettpapir og tørkepapir er lagra i bod i salen.
- Bruksrettleiing for oppvaskmaskin står oppslått på kjøkkenet.
- Det er ikkje tillate å røykje innandørs, jf. røykelova
- Bruk av levande lys på borda må arrangerast på ein 100% brannsikker måte
- Sjekk at alle nødutgangar og brannslukkingsapparat er lett tilgjengeleg under tilstellingar og at det ikkje er plassert bord og anna utstyr til hindring for tilkomst.
- Sjå oppslag om brann og rømningsvegar i gangen og på kjøkenet.
- Utstyr som er brukt skal vaskast/tørkast av: bord, stolar, kjøkkenbenkar, kjøkkenfrontar m.m. Kjøleskap, komfyr og mikrobølgeovn skal vaskast både innvendig og utvendig
- Vi ynskjer at leigetakar kostar/støvsugar golva, og forlèt lokalet rydda og utlufta. Sjekk at vindauga er lukka, lyset sløkt og dørene låste. **Sjå også etter at oppvaskemaskin, komfyr, kaffitruktar og anna kjøkkenutstyr er avslått.**
- Parkering skal skje på oppmerka plassar nede på grusareal kjellarnivå. Ikkje tillate å parkere framfor inngongen.

Kontaktpersonar Sandane golfklubb:

Sølvi Utheim, tlf: 950 27 006, e-post: solalmen@hotmail.com

Tore Støylen, tlf: 909 67 010, e-post: tore@enivest.net

Per Ove Fossheim, tlf: 975 70 583, e-post: per.ove.fossheim@gmail.net